



Så grønn en drakt, så rik en duft har smykket dal og enger! Nu strykes ømt av lys og luft de fagre urtesenger. Hør lundens sus og bekkens brus forkynne hva som kommer: Omsider blir det sommer! (NS 845)

Nr. 2

63. årgang

Sommer 2022



Bak frå venstre: Noah Tveit Berge, Nathaniel Noguchi Kjørlien, Torjus Tørstad, Sebastian Kvale, Sondre Steile Hovi. Midten frå venstre: Mikkel Hermundstad Hovi, Kristina Kislaia, Sina Sofia Eltun, Marius Hålien, Even Sandsengen Neshagen. Foran frå venstre: Ingebjørg Vik Laugaland, Marlene Wangenstein Jagersborg, Hannah Johansen Grøv, Ronja Angelina Havro Grube. Pernille Langedrag var ikkje til stades.

#### Og størst av dei er kjærleiken

Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjølle.

Om eg har profetisk gåve og kjenner alle løyndomar og eig all kunnskap, og om eg har all tru så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingen ting.

Om eg gjev alt eg eig til mat for dei fattige, ja, om eg gjev meg sjølv til å brennast, men ikkje har kjærleik, då har eg ingen ting vunne.

Kjærleiken er tolmodig, kjærleiken er velvillig, misunner ikkje, skryter ikkje, er ikkje hovmodig. Kjærleiken krenkjer ikkje, sokjer ikkje sitt eige, er ikkje oppfarande, og gøymer ikkje på det vonde.

Kjærleiken gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga.

No ser vi i ein spegel, i ei gåte, då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud.

Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.

*1. korinterbrev 13.*

Kan kjærleik målast? Ja det kan den visst, skal ein tru Paulus sin poetiske tekst til korintarane. For me les at kjærleiken er større enn både trua og vona. Kunstnarar, komponistar og forfattarar har til alle tider skildra nettopp kjærleiken. Den har evne til å inspirere, provosere og kalle til mot, handling, teneste.

Den som er liten og i år har henta sin første blomst og gitt den til ein annan,

viser kjærleik. Den som forlet sine kjære og går i krigen for å forsvere landet sitt, gjer det same: viser kjærleik. Kvar gong du og eg tek fram det gode blikket, viser me kjærleik.

Og denne kjærleiken er altså større enn både tru og håp?

«Tru kan de gjere i kyrkja», høyrer me sagt. Det er berre ein kommentar, men kjem kanskje ifrå dette at me på dei fleste gudstenester seier «Eg trur på ...» og så kjem truvedkjenninga: Eg trur på Gud Fader, Eg trur på Jesus Kristus, Eg trur på Den heilage ande.

Eg ønsker ikkje å bruke denne andakten til å sei at dette ikkje er viktig; det som slår meg når eg les Paulus sine kjende ord fra 1. Kor 13 er at kjærleiken er ennå viktigare – ennå større, og at den eine ikkje lukkar den andre og tredje (trua og vona) ute.

Det eg prøver å sjå føre meg og ta inn, er kor stor denne kjærleiken er. Eg ønsker å vite kor eg finn den og korleis eg deler den vidare.

Når eg les forteljingane om Jesus fra Bibelen og les om det vennene til Jesus

(apostlane) gjorde i åra etter at Jesus hadde vore saman med dei i ca tre år, tenker eg at det var kjærleik som dreiv dei, meir enn tru. Fleire av Jesus sine nærmaste venner viste meir enn tydeleg at dei ikkje trudde – likevel hadde dei kjærleik. Den hadde dei fått og den delte dei vidare. Sjølv Peter som banna på at han ikkje kjende Jesus, gjorde det.

Peter vart den Jesus valde til å bygge den første kyrkja (kristne fellesskapet) på. Han er i katolsk tradisjon rekna som den første paven. Peter var på veg til sitt gamle yrke som fiskar etter at Jesus hadde døydd og stått opp frå dei døde. Det lyser ikkje håp og tru av handlingane hans.

Men Jesus har kjærleik og deler den med Peter.

For meg er det dette tydeleg: kjærleiken har evne til å inspirere, provosere og kalle til mot, handling og teneste.

Størst av dei er kjærleiken!  
God pinse og god sommar.

**Ingebjørg Laugaland  
Sokneprest i Vang**

#### VANG KYRKJE

Tynvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

**Klokkar:** Helge Lajord  
**Kyrkjetenar:** Ola Bøland  
**Soknerådsleiar:** Rita Helen Dalemark  
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no  
**Kontonr:** 2146.60.18764  
**Vipps** 590297

#### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

**Klokkar:** Solveig Heimlid  
**Kyrkjetenar:** Tore Hovda  
**Kyrkjeverje:** Håkon Berge  
**Soknerådsleiar:** Ragni Almenning  
ragni.almenning@gmail.com  
**Kontonr:** 2146.30.09721  
**Vipps** 129651

#### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkrysset

**Klokkar:** Ola Bøland  
**Kyrkjetenar:** Olav Bøland  
**Kontonr:** 2146.60.04674  
**Vipps** 118656

#### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

**Klokkar:** Geir Kongslien  
**Kyrkjetenar:** Odd Helge Rudi  
**Kyrkjeverje:** Andris Kjøs  
**Soknerådsleiar:**  
Marta Bjørnøy Lalim  
marta.lalim@gmail.com  
**Kontonr:** 2146.30.09969  
**Vipps** 544817

#### ØYE KYRKJE OG

**ØYE STAVKYRKJE**  
Øyevegen 130/135  
2977 Øye

**Klokkar:** Ola Bøland  
**Kyrkjetenar:** Olav Bøland  
**Kyrkjeverje:** Ove Trøen  
**Soknerådsleiar:** Torild Øye  
torild1707@gmail.com  
**Kontonr:** 2146.20.55304  
**Vipps** 118656

#### TILSETTE:

**Sokneprest:**  
Ingebjørg Vik Laugaland  
**Tlf:** 926 53 320  
**e-post:** il597@kirken.no  
Presten har kontor på Drengestøga.  
Ta kontakt på telefon for avtale.

**Kyrkjekontoret på Klokkarhaugen**  
**Dagleg leiar:** Guro Hovda  
**e-post:** gh575@kirken.no  
**Sekretær:** Marianne Straum  
**epost:** ms539@kirken.no  
**Tlf:** 61 36 95 90  
**Kontortid:** 08.30-15.30

**Kantor i alle kyrkjer:** Arthur Büdvytis

**Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:**  
Nils Bjarne Wangensteen  
**Tlf:** 926 67 124  
**Felles e-post:**  
post.vangvaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 42, frist for innsending av tekster og bilder  
er 23. september 2022. Bidrag sendes på epost til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

Framsidefoto: Konfirmantar 2022. Foto: Oddvin Almenning.

Biskopen hadde flere utfordringer til oss da hun var her på visitas i fjer, bl.a.:

### Sommerjobber til ungdommer

Hver sommer får vi klage på dårlig vedlikehold på kirkegårdene, og hver gang prøver jeg å forklare at kapasiteten vi har, tilsier at ikke alle kirkegårdene kan være stussa til enhver tid. Nå har vi opprettet en stilling på timebasis på hver kirkegård, slik at det kan klippes når det er behov gjennom hele sommeren. Vi tenkte dette kunne være en fin jobb for en ungdom, pensjonist eller andre som vil ta treningsøkta med gressklipping. I skrivende stund er det bare i Høre vi har fått søker. Jeg håper fortsatt det melder seg noen. Kanskje du vil klippe, eller veit om noen? Nå har vi gressklippere på alle kirkegårder.

*Og vær så snill:* Hvis du har noe å klage på; kom til meg med det, og ikke klag på Facebook. Det blir det bare dårlig stemning av og jeg diskuterer ikke der.

Si gjerne fra hvis du er fornøyd også.

### Åpne kirker flere dager

I fjor sommer var Vang kyrkje åpen på hverdager og St. Tomaskyrkja på søndagene. Det var mange innom, så det er absolutt verdt å fortsette med dette. I menighetsbladet før sommeren i fjor ble bygdefolket oppfordra til å stille som vakter. Det var svært få som meldte seg, men jeg tror nok mange tenker at det er en fin ting. I år også må de kirkelig ansatte trå til for at vi skal klare det. Har du likevel lyst til å ta ei økt, så gi beskjed.

### Frivillighet

Biskopen oppfordra oss til «å gå gjennom rollene som folkevalgte sett i lys av oppgaver som frivillige, med mål om å organisere arbeidet så oppgavene ikke blir for mange for den enkelte». Rådene er folkevalgt av oss alle til å styre retningen, svara



Kirkevergen  
har ordet

på høringer, legge planer o.l. Dette at frivillige bør engasjeres, kan virke som nye tanker. Men å være i sokneråd nå er annerledes enn for noen år tilbake. Det forventes stadig mer av rådene. Å bakte til kirkekaffe og dugnader, være vakt i åpen kirke f.eks., ligger egentlig ikke til det de skal gjøre, og det kan gjerne du og jeg som frivillige gjøre. Si gjerne fra til soknerådet ditt om du ønsker å bidra og hva du kan gjøre. Det er godt for dem å ha en liste, så de slipper å be om hjelp.

### Ønsker alle en riktig god sommer!

Guro Hovda

Eg går ikkje i kyrkja på søndagen, men eg kan godt ...

Denne kommentaren høyrer eg ganske ofte. Mange i Vang har oppsøkt meg for å uttrykke dette eller liknande om sitt forhold til kyrkja. «Me ønsker kyrkja som ein aktiv og synleg del av bygda vår, men det er ikkje naturleg for meg å gå på gudsteneste på søndagane.»

No i 2022 markerer heile Norge frivillighetens år og du er invitert!

Eg har den siste tida samla praktiske oppgåver som treng akkurat di hjelpe – både til å få jobben gjort og til å gi deg høve til å praktisk bidra til at kyrkja vår held fram med å være nettopp det som det store fleirtalet ser ut til å ønske seg; – ei aktiv og synleg kyrkje i bygda vår.

### Eg går ikkje i kyrkja på søndagen, men eg kan godt ...

- være med å ringe inn høgtidene og nyttår i kyrkjene våre.
- ta ei økt med å halde kyrkja open i Vang eller St. Tomas i sommar.
- vere nattevakt på Lys Vaken.
- bake ei kake/kringle til dugnadene på kyrkjegarden.
- køyre ut Menighetsbladet.
- bake til trusopplæringa og konfirmantarbeidet.
- klykke plenar på kyrkjegardane om sommaren.
- hente og bringe folk som ikkje kjem seg til gudsteneste, men som gjerne vil delta.
- skrive her i Menighetsbladet.

Men gjer ikkje sokneråda ein del av dette da? Er ikkje dette deira dugnad? Dei gjer mykje av dette ja, men også mykje meir som ikkje er så synleg, og dermed vert vervet mykje meir omfattande enn det treng å være. Eit sokneråd er ikkje ein dugnadsgjeng, men valde representantar i kyrkje-demokratiet. Dette har me jobba ein god del med sidan bispevisitasen sist haust. **Poenget er:**

#### • Du kan bidra og du trengst!

Ta kontakt med Marianne Straum for å finne oppgåva som passar for nettopp deg. Telefon: 61 36 95 90/91 87 62 35 Epost: ms539@kirken.no

Ingebjørg Vik Laugaland



# Min pinsesalme

Denne salmen vart skreven av ukjent amerikansk forfattar omkring 1850. Melodi av Karl Henrich Ernst Hauer før 1852.

Salmen skildrar morgenstemning og handlar om at Gud er god som lar oss sjå og høyra og nyta landskap og lydar og det som er og kor heldige me er som får lov å leva og nyta alt dette.

Dessutan er han skreven på nynorsk og det er bra. I salmeboka er det også ein tekst på samisk. Den egnar seg godt i alle gudstenester og kanskje spesielt på ei stølsmesse ute. Den har ein fin melodi og er god å syngja.

Eg opplever dette som ein salme der tekst og melodi saman uttrykker påske-dagens jubel. Og han formidlar etter mi meinig det sentrale i kristendommen.

Ola Bøland

Foto: Oddvin Almenning



Morgen mellom fjella!  
Klare bekk og flod –  
fløymande mot fjorden,  
kveder Gud er god.

Dagen ser eg tendrast,  
fram går ljøsens flod.  
Dalane som vaknar,  
svarar: Gud er god.

Alle fuglar syngja  
opp med gledeljod,  
Alle berg og nutar  
ljomar: Gud er god.

## Lurer du på kva konfirmantane lærer no om dagen?

På Kristi Himmelfartsdag hadde me overhøyring, og her er spørsmåla alle svara skriftleg på før denne gudstenesta.

### Kva ville du ha svara?

- 1 a) Må ein være døypt for å bli konfirmert?  
b) Kvifor/kvifor ikkje  
c) Kva er aldersgrensa for stemmerett i Den norske kyrkja?
- 2 a) Må ein tru på alt i Bibelen for å være kristen?  
b) Må ein være døypt for å være kristen?
- 3) Skriv 5 faktasetningar om Jesus
- 4) Kvifor er det lurt å tilgi?
- 5) Velg ei av desse tre forteljingane frå Bibelen:
  - Matteus 7:24-27 Husbyggjarane
  - Matteus 18:23-35 Den hardhjarta tenaren
  - Johannes 10:1-16 Den gode gjetaren
 a) Gjenfortel den med eigne ord  
b) Kva likte du/likte du ikkje med forteljinga?
- 6) Klarer du å finne ut kva «Den lille bibel» er?
- 7) Vil du anbefale konfirmasjon i kyrkja til dei som er yngre enn deg?



Ingebjørg Vik Laugaland

# 17. mai 2022

## Kjære alle saman.

Gratulerer med dagen! Det er flott å sjå så mange festkledde ungar i alle aldrar samla att. Ja, for i dag er me born alle – vi små en alen lange – og kan ete så mykje pølser, is og brus me berre vil.

Ei spesiell helsing til våre ukrainske venner: to our Ukrainian friends and other refugees , it is nice to see you participate in our celebration of Norway's National Day, the 17. of May. When you have to stay in Norway for a while, we all want to do the best for you. You are a proud people and we are proud of you and your president Mr. Zelenskij. Thank you. We will also congratulate you as winner of the Eurovision Song Contest 2022!

Ja, det er ei litt merkeleg tid me lever i. Dei som er unge i dag, kjenner nok også på kroppen mykje usikkerheit og at verda ikkje er heilt normal. For oss som har levd litt lenger, ser me at det i ei periode no har vore mange mørke skyer på himmelen, men at de og me har stått i det med ein pandemi og no ein krig ikkje langt unna oss. Me må berre gjennom det. Me må berre leve våre liv og gjøre det beste ut av situasjonen. Og eg håpar at alle de som er avgangselever, enten det er 10. klasse her i Vang, de som er russ på vidaregåande og alle andre som kan avslutte eit skuleløp, får og har hatt ei fin tid. No kan de feire! Men feir med måte. Gratulerer!

Førebileter er viktig. Eg har fleire personar som eg har sett opp til. Det har sikkert du også. Eit førebilete eg vil nemne her i dag er Maren Wangensteen frå Høre. Ho har dreve med idrett i mange år. Mest med skiskyting. Ho har trena og trena, lagt ned eit enormt arbeid. Særs ofte når me er ned att i Høre, har me sett Maren springande etter vegen, eller gåande på rulleski. Så bestemte ho seg for å legge bort geværet litt og berre satse langrenn. Ho fekk kyndig rettleiing hjå blant andre vår eigen Geir Endre Rogn. Så slo Maren til med bronsemedalje på 10 km klassisk i NM no i vinter. Det er så stort. Det er så fortent. Og viser berre at viss ein har stayerevne og aldri gjev opp, vil ein lykkast til slutt. Lykke til vidare i karrieren, Maren!

17. mai 1814 vil for alltid – ja, iallfall

til Dovre faller – stå som den viktigaste dagen i Norges historie. 112 eidsvorne menn skreiv under Grunnlova. Grunnlova som la grunnlaget for det demokratiet og det samfunnet me har i dag. Så takk til dei som var så framsynt i 1814, med Christian Magnus Falsen i spissen. Fyrste paragrafen i Grunnlova frå 1814 lyder: *Kongeriget Norge er et frit, uafhængigt og udeleligt Rige. Dets Regeringsform er indskrænket og arvelig-monarkisk.*

Me takkar dei som stod bak dette særs viktige arbeidet, med ærefrykt i dag. Og så veit me at det var tøffe tider i 1814, og det var små trefninger med vårt kjære broderfolk Sverige, som me skulle gå i union med fram til 1905. Men det vart aldri krig mellom oss. Men krig vart det i 1914 og i 1940. Vårt folk har vore utsett for store åtak og lidningar. Men gjennom å stå samla, ved å tru på ytringsfridom, solidaritet og demokrati, har nasjonen Norge kome seg gjennom mange krigar og kriser i historia. Vår høgt elska konge i 1945, Kong Haakon, tala til folket over radioen på frigjøringsdagen 8. mai frå sitt tilhald i England. Han sa mellom anna dette: «Kjære landsmenn. Jeg og min regjering sender i dag en varm hilsen til alle norske kvinner og menn. Gjennom en mørk og vanskelig tid har det norske folk opprettholdt en ubrytelig front mot de tyske undertrykkere og deres hjelbere. Sammen med våre alliertes beundringsverdige militære innsats, har den offervilje og utholdenhett dere har vist, ført til frigjøringen av vårt land. Nå er vi ved målet for vår kamp.» Og han sa vidare: «Landsmenn. Vi føler alle det samme på denne dag. La oss holde fast ved det samhold som har ført oss frem til seieren. Og la oss i denne stund minnes dem som ofret livet i kampen for Norge. La oss samles i løftet: 'Alt for Norge.'»

Ja, Norge, våre kvinner og menn har kjempa og stått imot, slik at me i dag kan feire 17. mai i eit fritt Norge. Og 17. mai med barnetog har vore feira i over 150 år. Ein flott tradisjon. Me er så takknemlege for at så mange stiller opp i vårt felles tog i dag under mottoet : La 17. mai vere samlande og byggjande for alle som bur i Vang og alle som har lyst



til å vere med å feire i Vang. Den felles feiring av 17. mai gjer oss synlege for kvarandre og gjev oss høve til å sjå kvarandre når vi samlast om felles verdiar.

Eg er så stolt og så glad for å vere ordførar her i Vang. Ikkje alle dagar er like for meg, og heller ikkje for deg, men i dag kan eg kjenne kor stolt eg er av å ha eit så fint verv når det er så mange dyktige, hjelpsame og snille menneske i bygda vår. Det er mange eksempel å finne fram, men det som står fremst i pannebrasken no, er den enorme innsatsen så mange har lagt ned for at dei som har mått flykta frå Ukrainia, skal få det bra her i Vang. Vang mottak og dei tilsette der, skuleungdommar som har hjelpt til, foreldre, alle frivillige som stiller opp. Tusen, tusen takk. Og de skal vite at det er ikkje berre eg som set pris på det. Mange av ukrainarane har kome bort til meg og takka for den velvilje og hjartevarme som de har vist over for dei. Agata G. Bøe og heile VBU, og no også med ny rektor på plass – velkommen til deg Ola Erik Heen Moe – har på ein heilt framifrå måtte vist engasjement, kreativitet og ikkje minst omsorg for ca. 50 elevar som har starta dei siste vekene. Det er berre heilt fantastisk og blir lagt merke til langt utanfor Vang kommune sine grenser. 2022 er friviligheita sitt år. Eg nyttar også høvet til å takke alle frivillige som gjer ein så god innsats i heile Vang. Og det vart jo ei flott markering på VBU 30. april. Tusen takk!

Eg vil før eg avsluttar få rette ei varm helsing til alle dei som ikkje er her i dag. Kanskje på grunn av sjukdom eller av andre årsaker må vere heime, på institusjon eller elles. De også skal vite at de er ein del av 17. maifeiringa. I dag tenker me på alle, og me som er til stades, kan få fine minner frå dagen i dag. På ny: Hjarteleg til lykke med dagen. Hipp, hipp hurra!

Vidar Eltun, ordførar i Vang

# Positivprisen 2021

Prisen for Den positive Vangsgjelding i 2021 gikk som kjent til Belinda og Rune Wangensteen og Olav Bøland for deres iherdige innsats for å bygge opp Makkenparken på Mjøsvang. I sin tale ved prisoverrekkselen refererte ordføreren vedtekten for prisen, som sier: «*Den positive Vangsgjelding må vera eit føredøme for oss alle i Vang. Kandidaten må kome bygda si i hug på ein positiv måte, utan tanke på eiga vinning. Kandidaten må ikkje minst vere kreativ og ein lagspelar, med evne til samarbeid.*

Og han fortsatte: «*Nye tilbod for aktivitet er alltid velkomne i Vang. Positivprisen går i år til ein kandidat som i fleire år har arbeidd for å få i stand og gjennomføre nettopp eit slik tilbod. Og sidan det her er fleire som har bidrige, har juryen funne det rett å tildele prisen til ikkje berre ein, men til tre personar. Aktiviteten det er snakk om er BMX-sykling. Men me snakkar altså om Makkenparken ved Mjøsvang, og den er så mykje meir enn berre for sykling. Takk til storsyklaren vår, Mads Andre «Makken» Haugen som har vore inspirasjonskjelde for parken og også gjeve namnet til den.*

*Arbeidet har som sagt pågått over mange år, kommunen og andre offentlege etatar har vore inne med støtte, men utan eit solid dugnadsarbeid hadde den ikkje vorte ein realitet. Det er sjølv sagt også viktig at Makkenparken blir brukt, og då treng ein nokon til å setje aktiviteten i gang. Ungdommen er særstaka nögd med det nye tilboden, og dei er svært glad for at det blir lagt til rette for eit variert tilbod. Kanskje spesielt ein av prisvinnarane har også lagt ned mange timer i anna ungdomsarbeid. Takk for det! Prisvinnarane har lagt ned utallige timer for å få eit så velfungerande anlegg som mogleg. Enno er dei kanskje ikkje heilt i mål, men me håpar kveldens pris vil gje inspirasjon til vidare arbeid, og det er sjølv sagt fint at flest mogleg stiller opp på dugnad og er med på felles arrangement.*

Belinda, Rune og Olav forteller at det har vært veldig mye arbeid de siste 3-4 årene med å etablere Makkenparken, rett ved siden av fotballbanen på Mjøsvang, både med bygging og rigging av



Foto: Sigrun og Jon Lerhol

hopp og baner – og ikke minst søker om støtte fra ulike hold, bl.a. tippe-midler. Folkehelsekoordinator i kommunen har hjulpet til med søknadene, og landskapsarkitektene Rune Vik og Ingrid Skavhaug har tegnet anlegget, mens det er Olav som er «hjernen» og Rune «entreprenøren» bak anlegget. Det samarbeides aktivt med idrettslaget, og det er lagt vekt på at alt skal være grundig, solid, trygt og så vedlikeholdsfrift som mulig. Det er både oppbygde installasjoner og en pump track, som er veldig populær. Parken skal være for alle, og selvsagt tilrettelagt for rullestolbrukere. Det blir lyssetting for bruk i mørke høstkvelder med brukt lysarmatur som Vang energi har gitt, det er tilgang til toalett på Mjøsvang kafe og mat på både YX og Mjøsvang – og det er planlagt to griller under tak, dessuten kanskje et musikkanlegg. Olav forteller også at de har fått BMS-sykler til utlån, og Rune nevner spesielt at et stort fotballmål som far hans, «Nils på Mobil» har laget, skal gjenbrukes på anlegget. Det er fortsatt planer for nye elementer i anlegget og nye tilbod både for fysisk aktivitet og sosialt samvær. Belinda nevner spesielt at de ønsker seg et lekeområde for de minste, med fulldemping i grunnen.

Prisvinnerne forteller at de har etablert Makkenparken for å gi et godt tilbud til både egne og andres barn. Anlegget er godtkjent av Vang kommune. Olav har ansvar for instruksjon i sykling og annen bruk av anlegget, men bruken er ellers uorganisert og skjer på brukernes eget ansvar. Det er planer om en åpningsfest i løpet av sommeren eller høsten, i samarbeid med Mads André «Makken» Haugen, som har gitt parken navn og har vært en støttespiller, særlig med utforming av pump track'en.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne



Nicolai Wangensteen med Makken-hansker.  
Rune Wangensteen i sving med grunnarbeid.  
Foto: Belinda Wangensteen.



Belinda, Rune og Olav foran pump track'en.



Erlend Nickelsen, Emil Fjeld Ødegård og Mathias Wangensteen.

## Barnehagedagen 15. mars

Barnehagedagen 2022 ble arrangert i Høre, med store barns-avdelingen fra Fredheim og Høre barnehage. Tema i år var vennskap, noe som er viktig for både store og små!

Dagen starta i samfunnsdelen, med åpning fra Heidi Kvale og tale fra ordføreren, før vi delte oss inn i fire grupper som rullerte på aktivitetene.

### Aktivitet 1: vennehjerter

Alle barna fikk to hjarter i rødt papir hver som de skulle pynte med glitter og klistermerker. Ett av hjertene var til Fredheim barnehage som de kunne ta med og pynte med der, og ett av hjertene til Høre barnehage som de kunne pynte med hos seg.

**Aktivitet 2: eventyr – den lille røde høna.** Eventyret om den lille røde høna ble dramatisert med figurer sammen

med barna, der de fikk være med og fortelle litt og dramatisere med dyra. Da vi var ferdige med eventyret, reflekterte vi rundt det vi hadde hørt.

### Aktivitet 3: sanserom

I Høre barnehage er det et rom der «alt» er hvitt: hvite vegger og tak, hvite møbler og en hvit tunell, der er det fint å høre på musikk og roe seg helt ned. På sanserommet er det og fine lys man kan sette på som lyser opp i taket i forskjellige farger.

### Aktivitet 4: gymsal-hinderløype

I gymsalen er det stas å være, og der koser barna seg veldig. På barnehagedagen var det laga til hinderløype som de kunne bolstre seg i. Det er fort at det blir fullt med energi i små kropper, og da er det godt å få brukt den på noe gøy!

Til lunsj var det bestilt pizza fra Saras



kafé og kjøpt inn saft, så det var et skikkelig festmåltid. Etter lunsj leika vi oss ute i sola og spiste kake. Vi hadde en strålende dag i sammen!

Hilsen fra Høre barnehage

## Eitt eller fire sokneråd i framtida?

I arbeidet med bispevisitas i fjor haust påpeikte alle sokneråda i Vang at ein god del av arbeidet i dei fire sokneråda er likt og kunne ha vore gjort i eitt felles sokneråd, heller enn fire. Alle kommenterte også kor krevjande det er å rekruttere til sokneråda.

Dette utløyste mange samtalar og vurderingar av følgene av ulike løysingar. I biskopen sitt visitasforedrag – punkt 11 – ber ho oss gå igjennom rollene

som folkevalde sett i lys av oppgåver som frivillige, med mål om å organiserre arbeidet så ikkje oppgåvene blir for mange for den einskilde. Me skulle også avklare om ein skal ta organisatoriske grep for å møte utfordringane med å rekruttere medlemmer til sokneråd.

Dette arbeidet er bearbeidd av alle sokneråd sidan visitasen. Sokneråda inviterte ein av rådgjevarane til biskopen som informerte og samtala med dei

fire råda, og sokneråda er no klare for å gjennomføre menighetsmøte i alle sokna. Vang og Øye har sett dato for sine møte: det blir etter gudstenesta i Vang den 19. juni og før Jonsokmessa i Øye stavkyrkje den 23. juni.

Vang og Øye sokneråd si tilråding er allereie klar, og dette er ordlyden: «Me ønsker at prosessen held fram om ei framtidig samanslåing av sokn. Me startar prosessen med å ha to felles (alle fire råda) soknerådsmøte i året.»

Ingebjørg Vik Laugaland

# Dugnad og orientering om minnelund i Høre

Torsdag 12. mai var det klart for den årlige dugnaden i Høre. Mange hadde møtt opp for å bidra og vi takker så mye for den gode hjelpen!

Etter arbeidsøkten var det kaffe og kakker. Vi hadde så et orienteringsmøte knyttet til den nye minnelunden vi skal få på kirkegården.

Hva er en navnet minnelund? En navnet minnelund er graver i et felt med felles minnesmerke hvor det er anledning til å sette opp navn og årstall for fødsel og død på den gravlagte. I en navnet minnelund vil gravplassforvaltningen sørge for felles beplanting, og de etterlatte kan sette fra seg blomster og

lys. Graver i en navnet minnelund kan festes etter fredningstidens utløp.

I en anonym minnelund vil det ikke være anledning til å sette opp navn og data, og anonyme graver kan heller ikke festes etter fredningstidens utløp.

Den første navnene minnelunden her i landet ble anlagt i Bærum for omtrent 20 år siden. Det var først og fremst ment som et tilbud til de som ønsker en navnet grav å gå til, men som ikke hadde anledning eller ønsket å sette opp eget gravminne og etablere og stelle et plantefelt selv. (Informasjon fra gravplassrådgiver Åse Skrøvset)

Tekst og foto: Marta Bjørnøy Lalim



# Nasjonalromantisk konsert i Heensåsen kyrkje

Høre mannskor har i flere år nå hatt konsert litt før 17. mai, delvis her i Vang, delvis i kirker i andre kommuner. Det annonseres med «nasjonalromantisk» konsert – og da treffer vi Høre mannskor på hjemmebane!

I år var konserten lagt til Heensåsen kyrkje, og vi kan vel trygt si at vangsgeldingene syntes det var helt på sin plass! – og møtte fram i stort antall. Koret har fått ny dirigent: Silje Hjellemarken Helland, og hun har løftet fram «kjernerepertoaret» i mannskoret. Konserten startet med Jon Eggen på lur (også fysisk: på galleriet), hvorpå koret fulgte opp med nasjonalromantisk musikk, som er velkjent for de fleste og rører svært mange nordmenns hjerte. Her var det hele: No livnar det i lundar, Den norske sjømann er et gjennombarket folkeferd, Norge mitt Norge, Når fjordene blåner og mange flere av de velkjente 1800-talls sangene. (Som en digresjon nevnte hun også at komponisten til disse to siste sangene, Alfred Paulsen, var bror til Axel Paulsen som ga opphav til kunstløpelementene enkel, dobbel og trippel Axel.) Carl Philip Weisser var solist i I himmelen – den vakre folketonen, bearbeidet av Grieg, til en 1600-tallstekst.

Midtveis i programmet hadde koret pause, og Alistair spilte på piano en av Griegs norske danser, som han angivelig ikke hadde spilt siden han kom til Vang for nær 30 år siden – men det

var det ingen som trodde på – samt en komposisjon av Thomas Tellefsen. I siste avdeling sang koret bl.a. et av sine glansnummer og dirigentens favoritt: den dramatiske fortellingen om Olav Tryggvasson som falt i slaget ved Svolder. Kristina Heensåsen var solist i Elias Blix' velkjente Barndomsminne fra Nordland – en fremføring som rørte enkelte til tårer. Selvsagt ble Ja vi elsker sunget, før takk og blomsteroverrekkeelse til solistene. Avslutningsnummeret ble fremført på kirkebakken: Fager kveldssol smiler – foran en utsikt som også kunne røre til tårer!

Flott, stemningsfull opptakt til 17. mai!

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne



# En flyktning fra Ukraina forteller

Mitt navn er Iryna Makhrichenko, jeg er 42 år gammel. Jeg har tre sønner: Gleb og Gregory er 11, Illia er 20. Vi er fra Zaporizhzhia, en by sørøst i Ukraina. Familien min hadde et fantastisk liv i Ukraina. Jeg bodde i et stort hus med mannen min, mine tre sønner, en hund og en katt. Mannen min var bygningsingeniør og jeg jobbet som administrator på et hotell. Vår eldste sønn studerer i Polen og er der nå. Alle hadde vi hobbyer, likte å drive sport, møte venner, feriere, og absolutt et helt vanlig og godt liv med planer for fremtiden. Familien min, akkurat som alle ukrainerne, trodde ikke at krigen ville komme til landet vårt.

24. februar 2022 vil for alltid forbli i mitt minne ... Den fryktelige morgenen, panikk, frykt, ikke vite hva vårt neste steg skulle være og hvordan beskytte mine barn. Mannen min ble tvunget til å kjempe, akkurat som de fleste av våre menn, sønner og fedre. Etter at vi tilbrakte flere døgn i vår kjeller, med lyd av flyvende raketter og alarmer, bestemte vi oss for å forlate Ukraina, når det fortsatt var mulig.

Evakueringstog fra Zaporizhzhia gikk uten forhåndsvarsler. Da jeg fikk vite at et slikt tog skulle ankomme om ca. en time, ordnet vi oss, jeg og ungene, og gjorde oss klare på 15 minutter! Vi kjørte til stasjonen og etterlot bilen der. Kjæledyrene våre ble også etterlatt og ungene gråt. Vi kunne ikke ta dem med oss. Jeg visste at naboen våre ville ta så godt vare på dem som de kunne. Tøyet hadde mirakuløst nok en halvfull vogn igjen. Hver kupé hadde mellom ti og tolv personer. Så ble plutselig hele vognen fylt opp, til og med korridorene. Det kom på flere på de neste stasjonene. Ungene mine sov sammen, uten sengetøy, mens jeg sov på gulvet i korridoren på jakken min. Mesteparten av turen på 24 timer til Lviv var i fullstendig mørke, slik at toget ikke ble sett fra luften. Fra Lviv ble vi kjørt med et annet tog til den polske byen Pshemshl. Det er egentlig en to timers togtur, men ble til mer enn én dags tur under ekstremt vanskelige forhold: uten do, uten mulighet

Iryna Makhrichenko med tvillingsønnene Gregory og Gleb og sin mor Luidmila Smyrnova.

til å legge seg ned – og i kulde. Takk til de frivillige som ga oss mat og vann! Da vi endelig kom til Polen, var vi på grensen til fysisk og psykisk utmattelse. Jeg forstår fortsatt ikke hvordan ungene mine klarte det.

Det var et slags varsel som kom over oss i senteret for flyktninger i Polen. Vi kom til hektene og tenkte på veien videre. Jeg forsto at Polen var overbelastet og det ville bli store problemer med bolig og arbeid. Jeg er veldig takknemlig overfor polakkene for deres støtte og for umiddelbart å ha tatt imot så mange ukrainske flyktninger. Etter en stund mellom enten å velge Norge eller Finland, så bestemte jeg meg for å ta med ungene til Norge – OG JEG TOK IKKE FEIL!

Lavprisflyselskapet Wizzair tilbød gratisbilletter for ukrainere. 25. mars fløy vi til Oslo. På flyplassen kom vi til politistasjonen, og noen timer senere var vi allerede innkvartert på et hotell, med full komfort, hygge, renslighet og omgitt av vennlige nordmenn. Det var fantastiske dager. Vi besøkte Oslo, gikk rundt i nabolaget, aktivitør var engasjert med barna, det føltes som om vi var i en parallel virkelighet. Hjernen nektet å tro at alt egentlig er bra og at vi kan sove i pyjamas og ikke i yttertøy, at vi ikke trenger å hoppe opp fra sirenelyden og løpe for å gjemme oss i kjelleren.

Men den hyggeligste delen av historien vår begynner etter at vi registrerte oss i Råde. Jeg ante ikke hvor vi ville

bli tatt videre, vi hadde verken slekninger eller venner i Norge, ingen. Jeg ville ikke være lenge med barna i Råde og bestemte at vi skulle reise dit nærmeste overføring skulle være, dit Gud ville sende oss. Den første bussen, etter 15 minutters opphold, var buss til Vang, vi begynte ikke å pakke ut tingene våre. Natt til 1. april kom vi hit, til vårt midlertidige oppholdssted. Klokken tre om morgenen ble vi møtt av vennlig personale som sørget for sen middag, og vi slo oss ned i lyse og rene rom. Alt var klart til vår ankomst – til og med blomster og småkaker på bordet. Det var veldig hyggelig.

Da jeg våknet om morgenen og så ut av vinduet, så jeg et bilde som jeg hadde dannet meg om Norge i fantasien: fjell, skog, vann, små søte hus, stillhet og ro. Jeg var veldig glad over det jeg så – det overgikk mine forventninger.

Familien min tilpasset seg vår nye tilværelse og det norske klima uten problemer. Vi ble kjent med Vang, innbyggerne og de som jobbet her. De viste seg å være et fantastisk folk: sympatiske, hardtarbeidende og ærlige.

Snart gikk barna mine på skolen, det var en fryd! Starter med inspektør, lærere og avslutter med idrettstimer. Dessverre finnes det ikke slike nye, flotte og moderne skoler i Ukraina, men det finnes heldigvis i Norge. Hver morgen våkner barna i glede, vel vitende om at en slik skole venter dem. Og i tillegg besøker Gleb og Gregory klatreveggen, svømmebassenget og musikklassen. Jeg er takknemlig for alle som er med på



dette! Barna har det travelt hver dag, og deres psykologiske tilstand er helt tilbake til normalen. De har en barndom som alle barn burde ha.

Frivillighetssentralen/biblioteket arrangerer norskkurs for voksne og jeg går på det. Jeg går også noen ganger på klatring, aerobic og svømming. Jeg prøver å ta aktiv del i livet på Grindaheim og i Vang når det er mulig.

I april kunne mamma forlate Ukraina og var i stand til å reise til Norge alene i en alder av 73 år. For eldre ukrainere er dette en veldig vanskelig og nesten umulig vei, men hun klarte det. Etter registrering ble hun sendt til Lindesnes, men det var veldig ensomt og tungt for henne der. Jeg ba sjefen vår på Vang akuttmottak, Henrik, om å la min mor bo hos oss, og han hjalp til med papirarbeidet og ga henne et eget rom. Da familien vår ble gjenforent, kjente vår

lykke ingen grenser. Nå er vi alle sammen og jeg kan ta vare på mamma. Hun liker seg veldig godt i Vang og jeg er veldig glad for at hun er trygg.

Jeg vil også skrive noen ord om vårt daglige liv. Vi har et oppholdsrom for barn og voksne, med brettspill, steder for sport, besøk på biblioteket. Det er mulighet til å feire nasjonale høytider og lage ukrainsk mat, som er veldig viktig for oss. Vi føler omsorg og daglig hjelp til å løse våre problemer, inkludert medisinske.

Familien min venner seg til det normale livet i Vang og jeg føler meg helt trygg, vi smiler, studerer, går, blir kjent med hverandre, prøver endelig å legge planer for fremtiden. Av hele mitt hjerte og sjel ønsker vi å bli her, bli en del av Vang, lære språk, finne jobb. Og vi ber hver dag om at krigen i landet vårt tar slutt og at alle våre slektninger forblir i live og har det bra!



Tekst: Iryna Makhrichenko  
Oversatt fra engelsk av Lars Ivar Kolbotn

## *Sommerhilsen fra Vang Akuttinnkvartering*



Det var ikke lenge det sto tomt på Vang mottakssenter. Krigen i Ukraina førte til etablering av en rekke akuttinnkvartringer for ukrainske flyktninger, og ett av disse ble her i Vang. Etableringen ble bestemt tidlig i mars, og vi fikk vår første ankomst 31. mars. I perioden frem til første ankomst var det stor aktivitet på mottaket. Vi gjennomførte en stor oppgradering av lokalene og hadde god hjelp fra frivillige i Vang.

7–10. klasse ved VBU gjennomførte et prosjekt kalla «Barn hjelper barn» og gjorde en fantastisk innsats på mottaket før åpning. Det ble gjennomført

innsamling av blant annet klær, sko og leker i regi av VBU. I tillegg har vi hele veien hatt en god dialog med kommunen.

Akuttinnkvartering er ikke lik den type mottak vi hadde tidligere her i Vang. Mottaket er døgnbemannet, og beboerne er tenkt bosatt til kommuner veldig raskt. Vi har i oppgave å gi dem trygghet, mat og hygieneartikler. Språkopplæring vil ikke skje før de er bosatte, men frivilligheten i Vang har starta opp språklæring – dette er et av flere positive tiltak blant frivilligheten i Vang.

Vi har gjennomført kartleggingsintervju av alle og er nå i gang med bosettingen. Omlag 40 personer er nå bosatt gjennom akuttinnkvarteringen i Vang. Hvordan inn- og utflyttingen blir utover sommeren er avhengig av flyktningestrømmen fra Ukraina. Vi får håpe at innen kort tid er krigen over og de fleste kan reise hjem. Vi står sammen i støtte og solidaritet med nasjonen Ukraina og det ukrainske folk.

Riktig god sommer alle sammen!

Tekst: Henrik Rønningen, mottaksleder  
Foto: Sidsel Offergaard Jevne

# Vårkonsert i Vang kyrkje

Nå etter koronatiden er det fritt fram igjen for å møtes og delta på arrangementer. For eksempel var det før jul planlagt konsert med vår tidligere organist, nå kantor i Lier, Veronika Kashina, sammen med Aleksandra Boiko (fiolin) og Anastasia Bazhenova (klaver). Julekonserten ble utsatt, og de tre kom nå isteden med vårkonsert i Vang kyrkje 22. april. Dette er tredje gang etter at Veronika sluttet her, at disse tre besøker Vang med konsert. Et stort antall vangsgjeldinger møtte opp, men kirken hadde hatt plass til flere, også mer langveisfra!

Og Veronika, Aleksandra og Anastasia leverte! Veronika startet på orgel med Bachs mektige Doriske toccata, før Aleksandra og Anastasia spilte Griegs sonate for fiolin og klaver. Dernest fulgte en spennende ny vri: 2.satsen

av Griegs velkjente A-moll-konsert for klaver og orkester, men nå var orkesteret erstattet med orgel og fiolin – et velklingende arrangement utført av Veronika og Aleksandra. Utover i programmet var det også «lettere» musikk, som bl.a. I know him so well fra musikalen Chess, Strangers in the night, som Frank Sinatra har udødeliggjort, og Johann Strauss' An der schönen blauen Donau.

Avslutningen var den russiske komponisten Sjostakovitsj' Fem stykker for to fioliner og klaver – fengende musikk som ble fremført med samme utrolige dyktighet og perfekte samspill som hele resten av programmet. Veronika ba nærmest om unnskyldning for at programmet var mer omfattende enn den annonserte timen, men det var overhodet ikke noe problem! Som Guro Hovda formulerte seg da hun takket for



konserten: her var det gjensynsglede og vårbrus, hjerte og smerte, vare toner, sterke toner, noen gamle svisker, og nyttårsfølelse.

Takk for en flott konsert! Og gled dere: Veronika gikk langt i å antyde at det blir førjulkonsert i 2022!

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne



# Vårkonsert med Kurve

23. mai hadde Kurve vårkonsert i Vang kyrkje. Kurve er et kor som synger rytmisk vokalmusikk, og vi gledet oss over fin musikk denne kvelden. Det var ca. 80 tilhørere, av dem en del ukrainere som fikk komme inn gratis. Vi hadde en fantastisk kveld med fin musikk av høy kvalitet. I repertoaret hadde Kurve sanger som «Come Together», «Lion», «Hjernen er alene», «Lær meg», «Human Heart» og andre fine sanger. Som all sang fikk publikum mulighet til å

syngesalmen «No livnar det i lundar». Vang sokneråd takket dirigent Gudbrand og de andre koristene med blomster og en liten gave. Publikum takket for den flotte musikken med lidenskapelig applaus, som er den beste tilbakemeldingen og bekreftelsen på at alle hadde fått masse glede og var fornøyde med arrangementet.

Tusen takk til Kurve for flott musikk!

Artur Budvytis, organist i Vang



# Open kyrkje

Tidene endrar seg og samfunnet me lever i også. Mange vil sei at det går nedover for kyrkja sin del i dag. Det er berre delvis sant, fordi kartlegging viser at folk flest gjerne søker kyrkja og bruker kyrkja på andre måtar enn tidlegare.

Dette er grunnen til at eg og mange har vore så opptekne av at kyrkjene våre skal være opne og tilgjengelege for folk også utanom messer og gudstenester. Å kunne komme inn i kyrkjerommet utan ord eller guiding, utan liturgi eller sang har vist seg å ha ein større verdi for menneske i dag enn før.

Difor søker me å halde kyrkjene opne meir og meir.

I sommar held me St. Tomaskyrkja open søndagane 3. juli – 14. august frå kl 12 til 18. Det vil være vert i kyrkja i denne tida, men du blir ikkje forstyrra

## Drop-in-dåp i St. Tomaskyrkja

### I sommar prøver me noko nytt!

Frå tid til annan tek folk kontakt med meg og spør om dåp. Dei er som regel ikkje den typiske familien med nyfødd baby, men gjerne eldre, vaksne eller dei har store barn som sjølv seier at dei vil bli døypte. No har me hatt to år med korona, så kanskje den planlagde dåpen aldri vart gjennomført?

Dåp er uansett ikkje like vanleg som før, tidene endrar seg og slik er det.

Kyrkja kan også oppfatte og tilpasse seg tida me lever i, sjølv om Kyrkja gjerne får kritikk for nettopp det. Drop-in-dåp er eit slikt tilfelle: Eg høyrer alle reie kommentarane: «neiognei – skal de berre døype folk som kjem innom?» «Ja, viss dei ønsker det og ikkje er døypt før, så skal me det.»

Dåpen krev ikkje store selskap og lange, lange liturgiar. Det som trengst er vatn, Guds ord, og den som vil bli døypt med den kristne dåpen.

dersom du vil være der i fred.

På Syftesok, søndag 3. juli, er det vanleg messe kl. 12 i St. Tomas. Den er ved Lærdalspresten Gunnar Eldevik og organisten vår Arthur. Etter messa og fram til kl. 18 er kyrkja open.

Søndag 10. juli er kyrkja open mellom kl. 10 og 15, med høve for dåp. Frå kl. 15 og utover kjem det pilegrimar, og kl. 17:00 er det Jørn Hilme-konsert i kyrkja.

På søndagskveldane i same periode, 3. juli–14. august, vil Vang kyrkje være open mellom kl. 18 og 20. Her blir det også vert.

Så når du ser døra open i kyrkja i sommar, tenk at du er velkommen inn!

Ingebjørg Vik Laugaland



### Slik kan det gjerast:

Søndag 10. juli kl 10 –15 er eg i St. Tomaskyrkja.

Eg har med vatn, Bibel, blanke dåpsattestar, stempel og fadderhelsingar.

Du kjem sjølv eller med den/dei de vil døype og to fadrar som vitne. Dei må være 15 år eller eldre. Dersom du kjem med barn, må begge foreldra samtykke i at barnet blir døypt.

Du kan ringe meg (tel 926 53 320) og ta ein prat om dette, eller berre møte opp og så bestemme deg.


Vel møtt til Filefjell drop-in-dåp 10. juli i sommar!

Ingebjørg Vik Laugaland

## Opningstider i kyrkjene:



**Øye stavkyrkje:**  
18. juni - 14. august  
Torsdag, fredag, laurdag  
og sundag kl. 11-17.



**Høre stavkyrkje:**  
19. juni - 14. august  
Søndag, mandag, tirsdag  
og onsdag kl. 11-17.

**Inngang i stavkykjene:**  
Voksne kr. 60,-  
Barn under 16 år: gratis.  
Grupper (min. 10 personer):  
40,- pr. pers.



**St. Tomaskyrkja:**  
3. juli - 14. august  
søndagar kl. 12-18



**Vang kyrkje:**  
3. juli - 14. august  
søndagar kl. 18-20

# Heimstolen

## Heimstolen vår ligg i Rysndalen.

Nordfrå tek Rysndalen til der Herredalen vidar seg ut mellom Heensfjellet og Slettefjellet. Det er mange som kjem hit for fyrste gong som blir forundra over kor fint det er i denne vide dalen. Her ligg det mange stølar etter vegen innover, og det er fleire som har dyrka opp store jorde der dei haustar gode grasavlingar. Vi dyrka stølsjordet i 1963 og køyrd heim føret med traktor og høysvans.

Stølen vår ligg ytst i Rysndalen, like ovanfor Gilen. Her ligg det tre stølar saman. På 1950- og 60-talet var brukarane Borgen og Amund Heensåsen, Anna og Ola Nordsveen Heen og Sigrid og Nils Nordsveen. Eg hugsar ikkje at Sigrid og Nils var på heimstolen, men Synnøve og Knut Berge lånte den stølen nokre haustar, og då var det liv på alle tre stølane.

Opprinneleg var dette vår- og hauststølar, men eg kan ikkje hugse at vi var der om våren. Sist i august flytte vi frå Raudalen og på Rysndalen, og så var vi der ei to-tre veker før vi flytte heim att. Var det fint haustvær, var det herleg å vera «uppå dalè» som vi sa, men hausten kunne også vera vindfull og kald.

Husværet var ikkje så mykje å skryte av på heimstolen. Det var bygt for å brukast nokre få veker om hausten, og difor vart det ikkje kosta så mykje på det. Sjølve selet var berre eitt rom, og så var det ein gang i midten som batt saman sel og fjøs. Døra inn i selet var låg som i alle gamle stølshus, og der har vi alle skalla oppi. Det var vondt, men då lærde vi å bøye nakken når vi skulle inn og ut. Eg veit ikkje kor gamalt huset var, men grått og lite låg det der, og med torvtak såg det ut som det hadde grodd opp av jorda.

Men det heimstolen vanta av ytre prakt tok han att i innvendig kos og hygge. Når mor, far og tre ungar samla seg om kvelden og tende parafinlampa, var det ingen betre stad å vera. Ute i fjøset kunne vi høre kyrne jorte og kose seg, og utanfor var det gjerne geiter oppe på taket. Stod det noko ved veggen, var ikkje fjøstaket høgare enn at geitene klatra opp. Heime var det utelys, men på heimstolen var det berre ei



Knut og Ola på heimstolen august 1975

parafinlampe inne i selet. Difor var det ingen stad stjernehimmelen og måneskinet var klarare enn her, men det var også stupmørkt i overskya vær. Sjølv om stølen ligg berre tre



Alle tre stølane april 1977

kilometer heimanfrå, var det som å bli sett attende til ei anna tid å vera der, det er noko som har festa seg for alltid.

Selet var berre eitt rom, men alle hadde vi liggeplass. Mor og far i senga, og vi ungane på ein benk og på madrass på golvet. Det var også fast skikk å ha gjestebod medan vi var på heimstolen, det var utruleg kor mange som kunne få plass inne i det vesle rommet. Vi var også i gjestebod hjå dei nærmeste stølsgrannane og på andre heimstølar. Dette var kosestunder vi såg fram til.




Heimstolen januar 1987

I påska tok vi alltid ein skitur opp på stølen. Dersom vi ville inn, var det ein jobb som venta oss. Gangen var utett og som regel fullpakka med snø, så då var det berre å byrja å grava. Når vi endeleg hadde fått ut så mykje snø at vi fekk opp døra inn i selet, var det ikkje heilt snøfritt der heller, men vi slapp i allfall å grava oss fram til bordet. Nei, noko vinterhus var ikkje heimstolen.

På 90-talet vart gangen og det som var att av fjøset rive. Selet vart så teke ned stokk for stokk og bygd opp att slik at så mange gamle stokkar som mogeleg vart brukt på ny. Slik vart sjølve selsrommet bevart så godt som råd var. Midtgangen vart no kjøken, og «fjøset» vart soverom. I dag er difor heimstolen ei triveleg lita hytte som har bevart mykje av sjarmen frå gamlehuset. Den gamle, låge døra er sett inn att. Dei som skallar oppi, greier sjeldan å sjå sjarmen med døra der og då, men for oss som hører til der, er døra ein viktig del av rommet.

Men også i dag manglar det straum og innlagt vatn, sjølv om det kan la seg gjera å få til både delar. Dermed er det fortsatt parafinlampe og stearinlys som gjeld på heimstolen. Litt av gamletida er det difor mogeleg å oppleva, også i 2022, men geitene på taket kjem nok aldri att.

Tekst og bilde: Ola Heensåsen



Høying på heimstolen august 1976



Far på heimstolen april 1983



Sauesanking september 1989



Mor på heimstolen august 1983



## *Solveig vert ordinert i Vang kyrkje*

**Solveig Vatn Weisser vert ordinert til prest i Vang kyrkje søndag 17. juli kl. 11:00**

Bli med på Solveig og Kyrkja sin store dag!

Du er velkommen både i kyrkja og på kyrkjekaffien på VBU etter gudstenesta den dagen!

Og: ta gjerne kontakt med soknerådet i Vang dersom du kan tenke deg å bidra med kake/bakverk til kyrkjekaffien – for me håpar og trur me blir mange!

Ved ordinasjonen vert Solveig teken inn som prest i Den norske kyrkja. Konkret skjer dette ved at biskop, prost, sokneprest, soknerådsleiar og fleire andre ber

for henne medan me legg hendene våre på henne når ho kneler ved alterringen. På gudstenesta avgir ho også ordinajonsløftet sitt.

Det er Solveig som er liturg i gudstene-



sta og som held preika, og broren Thomas Immanuel sit ved orgelet.

Før dette har Solveig avlagt embeteskamen i teologi og hatt ordinasjonssamtale med biskopen og takka ja til prestestilling i Den norske kyrkja.

Me gler oss med deg og er stolte over at du valde Vang til ordinajonsdagen din, Solveig!

Ingebjørg Vik Laugaland  
Foto: Privat

# Vesle-Vinje for små Vinjeroockarar



**Kva er den beste måten å rekruttere nye Vinjeroockarar på? Arrangere Vesle-Vinje i barnehagen!**

Forrige veke vart Vesle-Vinje arrangert i Høre barnehage! Det er ein mini-festival for barna der dei får vere med på gjennomføringa av arrangementet. Barna hadde forberedt seg på beste vis, og hadde laga både festivalarmbånd og flotte vimpler til å pynte med i salen. For er det festival, så er det festival! Dei eldste barna var vertskap og hadde ansvar for dekor, og malte og pynta bannere og velkomstskilt til bandet. I tillegg hadde dei ansvar for opplegg av salen, der dei sette opp stolar og puffer, og bestemte korleis alt skulle stå.

Og då det var tid for konsert, hadde skulestartarane ansvar for å sette på festivalarmband, og stempel billetten til dei yngre ungane som kom på konserten.

- Eg er djupt imponert over førebuingane dei tilsette og barna i Fredheim og Høre barnehage har gjort saman med ungane. Det er tydeleg at dei er ein engasjert og skikkeleg dyktig gjeng som både jobbar og går i barnehage i Vang, smiler festivalsjef for Vinjerock, Sigurd Skjerdal.

## Hæla i taket med barna!

Spelemannsvinnar Sarah Camille og kompanjonen Kouame Sereba bergtok heile forsamlinga med historieforteljinga si, og med trommer og speling på boge!

Ungane i Vang fekk vist at dei både kan synge, danse og vere eit skikkeleg bra publikum i heile førti minutt!

- Det er så imponerande. Det er heilt tydeleg at vi har ein bra gjeng med arrangerespiser og Vinjeroockarar i den yngre garde vangsgeldingar, smiler Skjerdal. Ho fortel at Sarah Camille og Kouame Sereba var utruleg gode historieforteljarar og at dei verkeleg kunne kunsten med å fenge oppmerksomheta til ungane.

- Det var skikkeig kult å sjå ungane leve seg inn i historiane, hugse på små detaljar og svare med liv og leven når dei fekk spørsmål, seier Skjerdal.

- Vi gler oss til å kome tilbake og lage



meir leven saman med vesle-vinje-rockarane til neste år!

## Vekker gode følelsar uansett alder

Assisterande styrar i Høre barnehage Heidi Lynge Kvale forsikrar om at dagen var vellukka og at Vesle-Vinje vekker gode følelsar hjå både små og store i Vang.

- Pandemien har de siste to årene satt en stopper for Vesle-Vinje i barnehagen, men i år var det endelig mulig å gjennomføre, og for en fin dag det ble, smiler Lynge Kvale.

Ho fortel at dei starta planlegginga av Vesle-Vinje for nokre månader sidan, og kom fort fram med ein plan for dagen. Sjølv sagt skulle dei ha besøk av Fredheim barnehage, og sjølv sagt måtte det koma artister!

- Då me satte igang med forarbeidet til den store dagen, var barna skikkeleg engasjerte og glede seg til konsert. Både armbånd og vimpler måtte lages til ar-

rangementet, seier Lynge Kvale. Endelig kom dagen, og det kunne merkes på både stor og liten at dette var en spesiell dag.

- Det ble en dag fylt med lek, sosialt samvær, dans, musikk og masse glade barn og voksne! Kulturarrangementer vekker gode følelsar i oss uansett alder, og det å kunne ha felles referanser setter en booster i samholdet ikke bare i vår barnehage, men for alle barnehagebarn og ansatte i Vang kommune, smiler Heidi.

**Tekst og foto: Ida Nordland Hillestad  
Innovasjon**



# Velkommen til folkemusikkfest!

**Kyrkjestølen var i fleire hundre år samlingsplass for farande folk på veg over fjellet. Også denne sommaren blir det folksamt på fjellet. Jørn Hilme-stemnet inviterer til vandring, matservering og nordnorsk sjøsprut.**

Jørn Hilme-stemnet byrjar 10. juli – på Filefjell. Fyrste post på programmet er vandring på Kongevegen. Turen byrjar klokka 11, og turvert for dagen er Dagfinn Hegg-Lunde frå Borgund. Han er eit levande leksikon med kunnskap om både natur, kultur og historie. Turen går frå St. Tomaskyrkja til Maristuen, med buss tilbake. Turen er middels krevjande på 11 km.

Kongevegen mellom Lærdal i Sogn og Vang i Valdres er kåra til Noregs vakraste rute. Vegen stod ferdig i 1793 som den fyrste køyrevegen mellom Austlandet og Vestlandet og går gjennom urørt natur og storlått kulturlandskap. Vegen er nyrestaurert og er verd eit besøk.

Etter turen – klokka 16 – står Fagernes Landhandel klar med rykande varm majel til slitne turgårar og til dei som skal på konsert seinare på kvelden. Majel er ein lokal spesialitet som mellom anna inneheld potet, ertar, gulrøter og kjøt. Til dette blir det servert heimelaga brød med smør. Smakeleg måltid! Konserten i kyrkja byrjar klokka 19. I år er det kjende Susanne Lundeng og Nils-Olav Johansen som kjem til fjells. Lundeng er i dag ein av dei mest særprega felespelarane, komponistane og musikalske fritekarane i landet. Ho har ein sterk musikalsk utforskarktron og blandar det ho kjem over av gamle fe-

leslåttar og folketonar med erfaringane i eige liv. I tekstar og melodiar skildrar ho drama i menneska og landskapet. Susanne Lundeng er ein merittert musikar og har mellom anna vunne Spelemannprisen i klassa for folkemusikk. Ho har gjeve ut ei mengd plater, den siste i rekka: Hold dæ på vingan (2020).

Lundeng kjem ikkje åleine. Nils-Olav Johansen er jazzgitarist og songar og hentar inspirasjon frå tradisjonell musikk frå heile verda. Han står for virtuose improvisasjonar og ein særeigen signatur. Når Johansen ikkje er musikar på landevegen, er han professor i jazzgitar på jazzlinja ved NTNU i Trondheim.

Musikken til Lundeng og Johansen strekk seg frå det sarte og dempa til det stormfulle og eggjande. I ein symbiose av jazz, vise og nordnorsk tradisjon tek ny musikk sats og slår rot.

Jørn Hilme-stemnet – den store, intime festivalen – vart skipa alt i 1960 og er den eldste folkemusikkfestivalen i Noreg, og var frå starten ein miks av kappleik, konsertar, dans og teater. Det gjer festivalen til ein nestor i det organisatoriske folkemusikkarbeidet i landet og eit nav for alt folkemusikkarbeid i regionen. Hilme er hjartet i folkemusikken i Valdres, men er ikkje ein festival berre for Valdres, men ein smelteidig for alle tradisjonsområde i landet.

**Velkommen til Filefjell, velkommen til Jørn Hilme-stemnet!**

Tekst og foto: Knut Aastad Bråten

Bileta er frå vandringa i 2021

Artistfoto lånt fra nett



# Øyebakkin

Det skjer mykje på Øyebakkin for tida. Stavkyrkja fekk sløkeanlegg i 1994, med container til sløkkevatn og teknisk rom. Containeren skulle vere midlertidig, og no ser det endeleg ut til at den snart blir borte.

Ingrid Skavhaug og Rune Vik har teikna planen, fleire planleggarar i kommunen har vore med i prosessen, og Harald Bjerknes har hand om prosjektet no frå kommunen si side, saman med meg, som er kyrkjeverje.

Vang maskin har jobben med all graving og gjer ein svært god jobb. Dei har laga plass til vassreservoar oppe i lia ovanfor kyrkjene og grøfter med rør nedover. Riksantikvaren gir tilskot til alt som har å gjere med sløkeanlegget, og det er ikkje små summar det dreier seg om.

Eit nytt besökssenter er under bygging. Vang bygg står for dette, og om alt går etter planen skal huset vere ferdig i oktober. I kjellaren blir det rom for all teknisk installasjon. I første etasje blir det toalett og ein stad for omvisaren å vere. I tillegg jobbar vi med å lage ei utstilling der som skal informere om stavkyrkjene våre, Øye og Høre, om stavkyrkjene i heile landet, og generelt om Øye – både kultur, natur og kyrkjeliv. Vi får låne gamle gjenstandar som vi kan ha i montrar, og vi jobbar no med finansieringa av dette. Kommunen tek utgiftene ved sjølvé bygget, medan vi sjølv må finne pengar til utstillinga. Valdres natur- og kulturpark (VNK) ved Katharina Sparstad er til god hjelp med innhaldet i utstillinga og med søknader.

Ny veg til «nye» kyrkja blir laga lengre vest enn no. Den skal gå forbi det nye besökssenteret, og det blir godt med parkeringsplassar. Inngangen til stavkyrkja blir flytta litt lengre vest, og den noverande parkeringsplassen blir grøntområde.

Kyrkjegarden blir utvida ut mot jordet, og der blir det også laga namna minnelund med ein minnestein for alle gravene, og der ein kan setje seg ned og la tankane fly.

Vang kommune bidreg med millionar for at dette skal bli bra, og vi er takknemlege for godt samarbeid og for at det har vore velvilje til å få dette sluttført på ein så god måte. Mange timer har gått til dette arbeidet i alle år, så når alt er ferdig trur eg jamma vi må feire at 28 års arbeid er utført.

Tekst og foto: Guro Hovda



## Babysong

Ein torsdag i månaden møtast babyar med foreldre til song, prat og vaffel-kos i Drengestøga. Me møtast klokka elleve og held på i eit par timer. Her er alle som har babyar velkomne te å vera med!! Datoane blir bl.a. publisert på facebooksida te «Kyrkja i Vang».

Anne Lajord Belsheim



## Tårnagentane

8. mai var Aksel Johannes, John Arne, Ea og Mie i aksjon som tårnagentar i Øye. Tårnagentane er eit landsomfattande opplegg, der målet er å oppdagte ting. Agentar gjer jo det. Det er viktig å få godkjennning som agent, så alle måtte godkjennast med eit passord og fekk sitt eige agentnummer med bevis med fingeravtrykket sitt.

Korleis finn ein ting? Jau, då må ein bruke sansane, så då trena vi litt på det. Vi måtte høre, sjå, lukte og føle. I tåret såg vi på kyrkjeklokkene og kva det står på dei, og fekk høre klangen.

Vi rakk og ein tur ned i stavkyrkja, og då vi endeleg fann nøkkelen og kom oss inn, fekk vi høre den eine staven «fortelje» om livet sitt.

Agentpizzaen vart servert saman med kyrkjekaffien før gudstenesta starta. Då var det komne fleire som ville vere med på gudsteneste denne kvelden, og der fekk dei høre kva vi hadde opplevd. Agentane vart intervjua og kunne fortelje om kva dei hadde vore med på, men det kan vi ikkje røpe her, for då vil neste års agentar få vite for mykje. Ingebjørg fekk god hjelp til preika si, for



dette var oppvakte ungar.

Bildet der Ingebjørg sit og teiknar, er frå preika, og då kom Ingrid Agnetha, som ikkje var tårnagent, fram også.

Tekst og foto: Guro Hovda



## Vandring på Kongevegen

Kristi Himmelfartsdag inviterte trusopplæringa dei borna som fyller 10 år dette året, til vandring på Kongevegen frå Liabø til Neset. Ettermiddagsola varma godt, og me gjekk stort sett i ly for vinden.

Tema på turen var: kva var det som skjedde på Kristi Himmelfartsdag? og kvifor feirar me pinse??

Me hadde fleire stoppar undervegs, der me prata og sang om dagens tema. Lengste stoppen tok me ved Smørhøla, der Ingebjørg heldt eit hurtigkurs i spikking tå seljefløyte, borna laga seg huske og me kosa oss med pølser og saft.

Turen tok litt lengre tid enn planlagt, men kva gjorde no det når me hadde det så kjekt i saman!



Tekst og foto: Anne Lajord Belsheim

# Kulturminne: Visste du om desse?

Nokre er borte og andre kjem fram att. Del 4

Med vegarbeidet som pågår på E16 no, blir mykje av terrenget endra. Deriblant også kulturminne kring Kvamskleiva.




I mine unge år sto det i Hugavike ein fint mura kloss med ei milestøtte oppå. 110 km fra Odnæs, stod det på den. Den sto litt opp i vegskråningen der Kongevegen hadde gått. Vegnummer var den gong Rv 60. Den tid held dei veggrøftene opne med å skrape massa inn i vegen, tok så massa derfrå med traktor med lesseapparat, tippa på skråningen eller lasta på Vegvesenet sin tippbil.

Så vart det utbetring av vegen, kanskje i anledning oppgradering til europaveg – E68. No vart gravemaskin brukt til utviding av grøfter og skråning. Då vart milestøtta borte.

Heldigvis var det sume som syntest slike gamle minnesmerke skulle takast vare på, helst vera der dei hadde vore. Vegvesenet vart kontakta, milestøtta var ikkje øydelagd og kom på plass att. Vart no sett på andre sida av dagens veg, mot fjorden på den gamle utsvingen i Hugavike. Når Hugavike no i våre dagar er tumlelass for store anleggsmaskiner ved bygging av ny tunnel på E16 gjennom Kvamskleiva, vart støtta på ny fjerna. Det var ein Stein som ordna det, har eg hørt. Denne gongen trur og håpar eg Statens Vegvesen er klare på at milestøtta skal få ein fin plass og kunne sjåast, når alt arbeid er ferdig.

Kvamskleiva ... vegen var ei utsprengt hylle i fjellveggen, seinare vart det tre tunnelar. Den vi fortsatt har, var den lange tunnelen, her var det frå gammalt



ei part med takoverbygg til skjerming mot snø og små steinar. Eg hugsar frå sist på 50-talet, bilane som køyrde masse frå denne tunnelbygginga til vegfyllinga ved dagens rastepllass ved Neset. Holet mellom gamal og ny veg vart seinare fylt med grøfterensk o.l., og så kom dagens rastepllass. I skjeringa litt nord for store tunnelen hadde vi vesle tunnelen. Her vart vegen rundt heilt fylt med masse då vegen vart utvida og tunnelen borte, omkring 1976/77, men frå fjorden viser litt av dei gamle murane til vegen rundt. Like før vi kryssar Sløtabekken, som renn ut nede i Bjøndalen, hadde vi Lykkeporten, som eg meiner vart bortsprengt ca 1974/75. Noko av vegpartiet mellom Lykkeporten og vesle tunnelen vart utbetra som vinterarbeid i åra 1965/66/67, og taka ved inn- og utgang av noverande tunnel meiner eg kom sist på 80-talet.



Bildet her er teke frå TV-skjermen. Filminga er nordfra mot dagens tunnel i Kvamskleiva. Programmet var til ein viss grad rekonstruksjon av fyreste bilturist gjennom Valdres. Bilen på bildet er



heller ingen kopi. Det var ein Panhard & Levassor, tilhøyrte nederlendaren Petrus Willem Scheltema Beduin som hadde med vennene Rosier og Stokvis. Reisa føregjekk i 1901, med start frå Kristiania siste dagar i august. Kvamskleiva vart etter turbeskrivinga passert 2. september. Etter overnatting på Nystuen, ved vefs ende på Lærdalsøyri. Bilen vart så frakta med båten D/S Olden til Bergen og der omlasta og sendt til Rotterdam.



Plassen Sløtet (Slottet?) – sjå Valdres bygdebok for Vang, bind A s. 890. Sløte, som vi seier i daglegtale, ligg aust for gamle gardstunet i Søre Kvam, med helling nedover mot der Lykkeporten var. Denne plassen er det nok få av oss som har sett, men når nye tunnelen opnar, kjem vi ut i dagen ved Sløte – så no kjem denne plassen til synne for oss alle. Mykje er nok endra her, men tuftene er ikkje rørt. Plassen var opprydda omkring 1750 og i drift til omkring 1900.

Omund på Sløte – Amund Ivarsson Kungslieiga f. Lien var inngifta her

med Sigrid Olsdtr. i 1872. Omund og Sigrid fekk ein stor ungeflokk som dei fleste andre den tide. Dei fleste vart gifte rundt i nærområdet, så det er mange som kan rekne eine sida av slekta tilbake til Sløte. Ein av ungane som ikkje kom te gifte seg var Ola, ein dugande arbeidskar og tenestegut rundt på gardane. I vaksen alder var han meir drivar i Kvam enn eigaren sjølv, fortel Jørgen – eldste generasjon i Kvam. Han kjem med ei liti historie etter Ola: På Sløte æ det so mykji stein, at sama ko tett to steina ligg æ det ein imyljo, akkurat slik so i Hemsing. Ein frå Sløte var ei tid tenistgut i Nørre Hemsing, kanskje var det Ola. Omund fekk på sine eldre dagar lov av eigaren i Søre Kvam til å fløta støga si frå Sløte ned til der noverande gardstun er. «Amundstøga» vart plassert der uthuset er i dag. Anne, nest yngste i ungeflokken, fekk sonen Amund, som vaks opp i Amundstøga. Han var og tenistgut rundt om, men fekk seg sist på 40-talet arbeid på Vang Ysteri. Han bygde seg hus, murhuset rett opp for dagens busstopp på Neset. Amundstøga vart nedteken og frakta til Neset omkring 1960 då Kvam skulle bygge nytt uthus. Det er ukjent kor støga så tok vegen, men den vart ikkje oppsett på Neset.

Tekst: Ivar Hemsing

Foto: Guro Råheim Kvam

- Fra boka «Fra milestøtter til tripteller.

Kjøretøyhistorie fra Valdres 1901 – 1961

- Postkort frå Mittet & Co



## Jonsokmesse i Øye Stavkyrkje

I år vert jonsokmessa i stavkyrkja i Øye kl. 18:00 den 23. juni. Dette fordi då kan messa være meir aktuell også for barnefamiliane i Øye og elles i Vang.

Kyrkjebygget er jo veldig spennande i seg sjølv! Med svalgangen, og utan straum, eller benker å sitje på. Dette kan det bli gudsteneste av og for både store og små den kvelden.

Men me har ikkje gløymt Høre Mannskor; dei vil bli med også når messa får eit barnevenleg preg. Det set me pris på!

Prosten har fine bjøller som kan brukast som instrument – dei har han med til stavkyrkja den kvelden. Kanskje Arthur spelar på bjøller i år?

Kom til Øye og start jonsokfeiringa saman med oss i stavkyrkja kl 18:00!



PS: Minner om at det blir eit kort menighetsmøte om soknerådsstrukturen før messa ute kl. 17:30.

Ingebjørg Vik Laugaland



## Stovevakter på Vangsheimen

Som alle veit, vil spesielt helse- og omsorgsetaten i kommunane framover trenge fleire hender. Det er derfor veldig viktig å starte rekruttering så tidleg som mogleg.

Sommaren 2021 var det ein del ungdommar som hadde søkt sommarjobb i Vang kommune, men nokre av dei var for unge til å kunne arbeide sjølvstendig i avdelingane på Vangsheimen. Dåverande leiar for Vangsheimen, Joanke Tito, fekk då ein ide om at dei kunne brukast som stovevakter på langtidsavdelingane.

Dei som hadde søkt, fekk då to veker med arbeid kvar. Ei vike jobba dei dagvakt og neste vike jobba dei seinvakt. Dette vart ein suksess. Dei som bur her, syntest det var stor stas å få inn ungdommar som hadde god tid til å snakke med dei og vere med på aktivitetar, slik

at dei slapp å sitja på stova utan at det var noko personale der. Det skapte ei veldig god trygghet og glede for pasientane.

Personalalet var veldig fornøygd, det å alltid veta at nokon er framme og passar på, skapte ei eiga ro på heile avdelinga. Då sommaren var over, var nok alle einige om at det var stort ønske om å gjenta suksessen neste sommar.

Hausten 2021 vart det bestemt at ein skulle gjennomføre ei omorganisering av avdelingane på Vangsheimen og heimebaserte tenester. Denne omorganiseringa gjekk og på å lage ny turnus. Etterkvart såg ein at det var vanskeleg å få dekt opp alle helger, og me fekk då ein ide om at stovevakter på fast helg kunne vore redninga. Leiinga i etaten ga då klarsignal om at me kunne prøve det som eit prosjekt for eitt år. Me sende

ut utlysing og fekk veldig god respons. Det var sju ungdommar som søkte. Alle saman fekk då tilbod om kvar 3. helg og alle takka JA! Dei blir tilsett på lik linje med alle andre tilsette.

Dei starta i stillingane sine 1. januar. Dei er fordelt på langtidsavdelingane, og den eine arbeider sine helger på kjøkkenet.

Etter allereie tre månader hadde alle bestemt seg for at det var helse og omsorg dei ville jobbe i framover. Dette er ein unik sjanse til å finne ut om det er dette dei ynskjer for framtida, og dei får og mykje erfaring som vil gjera det enklare for dei når dei går på utdanninga. Målet og håpet vårt er at dei skal komma attende til Vang når dei er ferdige med utdanninga.

Rita Helen Dalemark  
Foto: Ida Nordland Hillestad,  
Innovangsjon



Frå venstre: Solvor Kvissel Remmen, Isabell Noguchi Kjørlien, Ida Nefstad Stende og Kristiane Sørensen Berge

## Redaktøren har ordet

**Som Ingebjørg prest skriv annan stad i bladet, er det absolutt rom for friviljug verksemd i kyrkjå!**

No tenker eg spesielt på stoff til menighetsbladet. Jo fleire som kjem med bidrag, jo meir variert og innhaldsrikt blir bladet. Og jo meir lesverdig, og det er jo nettopp poenget med å ha eit blad.

Redaksjonen vil sjølv sagt gjerne ha inn stoff om aktivitet i kyrkjene og sokna, men også i lokalsamfunnet elles, både

stoff frå notid og historisk stoff. Redaksjonens vesle skare greier ikkje å følgje med på alt som skjer over alt til ei kvar tid – difor treng vi hjelp. Spesielt er vi dårleg dekt i Øye.

Så oppmodinga til alle lesarar, og kanskje spesielt til lesrarar i Øye: send inn stoff til vangmenighetsblad@gmail.com. Og er du usikker på om det du har på hjartet, er aktuelt for bladet, så ta gjerne direkte kontakt med ein i redaksjonen, enten personleg eller til e-postadressa!

Sidsel Offergaard Jevne

## Tare på stavkirketur

Hva gjør man egentlig når man har flere fysiske begrensninger enn de fleste? Når man i løpet av barneårene gradvis mister både hørsel, syn og balanse? Det er lett å gi opp. Men Tare Teksum ble med på en programserie i NRK i 2010, der Lars Monsen dro på krevende ekspedisjoner med nettopp personer med fysiske utfordringer. Dette ble et vendepunkt for Tare. Etter dette har mottoet vært: «Det finnes ingen grenser, for den som ikke ser begrensningene». Etter en bred universitets- og høyskoleutdanning var det ingen jobbtilbud, og skuffelsen var stor. Men han har sett andre muligheter: Han har vært «Norge på langs», «Norge på tvers og til topps», «Trondheim-Oslo på tandemcykkel» og på mange andre ekspedisjoner. I år er det stavkirketur som gjelder. På el-tandemcykkel skal han besøke alle Norges 28 stavkirker, og midt i mai kom han til Vang. Idé til turen fikk han fra Lars Myttigs roman Søsterklokken, der en viktig del av historien er flytting av en stavkirke til Tyskland. Men det Tare og ledsagerne ikke visste, var at denne historien baserte seg på flyttingen av Vang stavkyrkje til Polen i 1840-årene!

Med dette prosjektet ønsker Tare å sette fokus på stavkirkene som viktig historisk, kulturelt og religiøst fenomen opp gjennom århundrene. Både hedensk, norrøn og kristen tro og kultur viser seg i stavkirkene, for eksempel i utsmykninger og interiør detaljer ellers. Miljøaspektet er også viktig nå. Klimaforandringerne med høyere temperaturer og høyere luftfuktighet enn tidligere vil også påvirke disse gamle trebygningene. Tare legger heller ikke skjul på at troen har vært til god støtte gjennom livets mange prøvelser.

Både Tare og hans to ledsagere, Arne Opdahl på el-tandemcykelen og Hanne Løvrød Granheim i følgebilen, var levende interessert i alt som kirketjener Odd Helge Rudi og undertegnede kunne fortelle om Høre stavkirke. Også ved besøket i Øye var gjestene oppriktig interessert i kirkens historie og utsmykning. Tare nevnte spesielt den gode, fredelige atmosfæren i disse gamle byggene, og at han var glad for å få lov til å berøre alle overflater i kirkene. Han opplevde det som diskriminerende at han – som er henvist til å bruke berøringssans og lukt for å orientere seg – ikke får lov til dette f.eks. i muséer. Verdt å merke seg!

I det hele tatt var dette besøket til ettertanke ikke bare for de syklende gjestene, men også for oss som traff Tare og følget hans.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne  
Foto: Guro Hovda og Marianne Straum



# Nytt fra Kulturkontoret

## Hagfellknuppen

Det har dei siste åra vorte gjort ein del for å leggje til rette for tur opp til Hagfellknuppen, og vi har tru på at vi no snart har eit godt tilbod på plass der. Turen startar ved Leite, litt før du kjem til Stelegardane, og der har grunneigarane i området laga til ein parkeringsplass. Frå denne parkeringa er det godt merka gjennom Sølegøta opp til Hagfellknuppen, og er du først her, må du gjerne halde fram turen oppover mot Okseporten via Oksestigen. Vi garanterer flott utsikt på heile turen. Biletet viser Jon Eggen ved Hagfellknuppen, der det og er blitt plassert ein benk. Vi vil takke grunneigarar i Berge/Stele-området for deira samarbeid for å få til dette flotte alternativet for tur i Vang. Eg oppfordrar alle om å sjekke ut denne turen.

## Kongevegen


Hausten 2021 vart det gjort ein del ryddearbeid på Kongevegen over Filefjell, der ei dugnadsgruppe var med, samt at kommunen og fekk midlar frå Statens vegvesen som vart brukt på ei betalt arbeidsgruppe. Her vart Kongevegen rydda langs Kvamskleive, ved Grøv/Oygarden i Øye og på begge sider av kongevegen ved Varpebrue. Bileta viser arbeid i Kvamskleive og arbeid som vart gjort aust for



Varpebrue. Her er og eit bilet av dugnadsgruppa som arbeidde vest for E16 og Varpebrue. Vi vonar å få gjort meir dette året, og vi har mellom anna midlar som vi har fått av Kulturminnefondet med tanke på rydding av vegen. Vil du vera med i dugnadsgruppa, så ta kontakt med underteikna, men det er også plass til arbeidarar i den betalte arbeidsgruppa på dagtid.

Etter at Kongevegen var stengt forbi Kvamskleive i ei periode på våren/sumaren i 2021 på grunn av sprengingsarbeid i den nye Hugaviktunellen, er traséen no open heile året. Vi vonar bygdefolket vil bruke Kongevegen over Filefjell dette året.

Tekst og foto:  
Oddbjørn Skeie



# God sommar!

frå biblioteket  
og frivilligsentralen



## Sommarles på biblioteket



1. juni brakar det laus med Sommarles! Heilt fram til 31. august kan elevar på 1.-7. trinn delta på den kulaste lesekampanjen og bli med Astrid og Asbjørn på spennande eventyr. Målet med Sommarles er at barn skal lese mykje, og gjerne variert.

På sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng, få lesetips, løyse oppgåver og følge med på kva vennene dine les! Forfattar Mari Moen Holsve har skrive historia om Asbjørn og Astrid, og kvar veke kjem det eit nytt kapittel på sommarles.no. Det vankar flotte premiar for ulike nivå, digitale trofé på nettsida og fysiske premiar du kan hente på biblioteket. Til hausten inviterer vi til avslutning der vi gjer stas på alle lesarane som har vore med.

Har du spørsmål, ta kontakt med biblioteket!

## Lesesirkel

Så langt i år har vi hatt fire lesesirklar. På den eine av dei var forfattar Levi Henriksen med på storskjerm! Siste lesesirkel før sommaren blir onsdag 22. juni, ta kontakt med oss om du er interessert.

## Sosiale kveldar på biblioteket

Dei fleste tysdagskveldane i mai/juni kan du kome og spele spel eller drive med handarbeid hjå oss. Vi held dørene opne og kaffien varm kl. 19. Sjekk annonsering på biblioteket eller Facebook om du vil ta deg ein tur.

## Barseltreff og norskundervisning

Saman med helsestasjonen inviterer vi til barseltreff annankvar måndag. Velkommen innom til babyar og foreldre

for sosialt samvêr!



Aud Kvale og Jan Sparstad er no i gang med norskundervisning hos oss tre dagar i veka. Ei stor gruppe ivrige deltakarar frå akuttmottaket er med, og det er sjølv sagt også ope for andre som ønskjer å lære norsk.

## Aktive saman

Frivilligsentralen er sær takksame for at kommunestyret har løyvd ekstra midlar til å forlenge prosjektet Aktive saman! Det er viktig å få fortsette det arbeidet som er satt i gang, for det er fleire born i Vang som treng støtte for å kunne delta i fritidsaktivitetar. Inger Kongslien Tveit jobbar også breitt med både frivilligheita og ulike einingar i kommunen for å lage gode strukturar for at flest mogeleg skal kunne delta. Har du eit born som treng støtte for å delta i fritidsaktivitet? Eller ønskjer du å bidra som frivillig? Ta kontakt!

## Frivilligmarknad



At fleir skal både oppdage aktivitetstilbodet og senke terskelen for å delta på fritidsaktivitetar var også hovudmålet då prosjektet Inkluderande frivillighet arrangerte Vang sin første Frivilligmarknad 30. april. Og det blir ikkje den siste! 30 lag stod på stand og viste fram eller fortalte om sine aktivitetar, og nærmare 300 var samla denne dagen i Vangshallen. Ei fantastisk feiring av frivillighetens år 2022 og det



mangfoldige frivillig-livet i Vang!

## Sommarope i biblioteket og BUA

I juli månad har biblioteket andre opningstider enn elles i året:

Måndag 14-19

Tysdag 11-16

Onsdag 11-16

Fredag 9-14

Stengt: torsdag, laurdag og sundag.

*Frivilligsentralen* held stengt heile juli. I sommar vil du møte på Janne Colbjørnsen på biblioteket. Ho skal vere vikar medan vi vanlege tek ferie. Janne skal også halde ope i BUA, men opningstidene der er i skrivande stund ikkje klare.

I BUA har vi både telt, fiskestenger, tursko, ryggsekkar, primus og alt anna du måtte trenge for turar i skog og mark, og leiker og bålpanne til hagefestar. Det nyaste innkjøpet er to superkule packraft'ar, slike som Lars Monsen padlar rundt i på fisketur i fjellvatna! Dei veg berre 3 kg og er lette å bere på ryggen. Ta kontakt med frivilligsentralen eller kom innom i opningstidene for utlån.

Tekst og foto:

Marte Tangen og Marianne Riste



## Årsmelding Vang menighetsblad 2021

Året starta med endringar i redaksjonen: Ingebjørg Wigdel ynskte å slutte etter ca. 22 års innsats, av desse ca. 20 som redaktør. Ragnhild Hovda meinte også at tida var inne til å avslutte sine 40 år som redaksjonsmedlem i menighetsbladet. Stor takk til både to for denne imponerande innsatsen!

Redaksjonen har i 2021 bestått av Ivar Hemsing, Jovita Budvtyiene, sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland og Sidsel Oftegaard Jevne (redaktør).

Redaksjonen har hatt fire møte og handsama 17 saker. Hovudarbeidet har vore planlegging av dei fire utgåvene og

tankar om utvikling framover. Redaksjonen har vore oppteken av at menighetsbladet framleis skal bli oppfatta som relevant for lesarane. I praksis tyder det at bladet sjølvsagt skal fokusere på det kyrkjelege stoffet, slik at aktiviteten i kyrkjene og i sokna skal få brei omtale. Likeså kan det vere naturleg å omtale viktige saker som Kyrkja er oppteken av, mellom anna internasjonalt perspektiv og Kyrkja sitt miljøengasjement. Men det er også særskilt viktig at bladet speglar Vangssamfunnet både før og no, så det er framleis svært ynskjeleg å få inn stoff frå lesarane. I så måte ynskjer menighetsbladet å halde fram det gode arbeidet som har vore gjort tidlegare, sam-

stundes med at nye tankar og tendensar i tida kjem fram.

Arbeid med økonomien har også vore viktig. Menighetsbladet har ein behaldning frå tidlegare som har gjort det mogleg å gje gåver til større tiltak i sokna i nokre år no. I 2021 ga menighetsbladet soleis kr 30 000 til Heensåsen sokneråd til dei nye messekaklane.

Den vanlege drifta av menighetsbladet gjekk med underskot i 2020, men eit lite overskot 2021. Redaksjonen vil følgje den økonomiske situasjonen nøy frametter.

Redaksjonen vil takke alle som har ytt bidrag til bladet og alle som har hjelpt til med distribusjon. Spesiell takk til Ingrid Wigdel for godt samarbeid og profesjonell layout, og til trykkeriet Printfarm for fint teknisk produkt.

**Redaksjonen  
Sidsel Oftegaard Jevne**



### Vi les Bibelen saman

Vi inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskelt tilbod der alle kan kome og høre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med.

Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje.

Til slutt ber vi Fadervår. Samlinga varer ein snau time. Komande samlingar blir kl. 18.00 den 11. september og 9. oktober.

**Velkommen!**

### Regnskap for Vang menighetsblad 2021

| Konto  | Tekst  | Utgifter        | Inntekter |
|--|--|-----------------|-----------|
| 3110   | Trykking, layout og distribusjon                     | 71360,00        |           |
| 3120   | Materiell  | 349,00          |           |
| 3429   | Mva som gir rett til mva-kompensasjon                | 17840,00        |           |
| 3450   | Gaver til sokneråd                                   | 30000,00        |           |
| 3729   | Mva-kompensasjon drift                               |                 | 17840,00  |
| 3870   | Abonnement, tilskott, sponsoring, innstikk, annonser |                 | 81350,00  |
|  | Sum  | 119549,00       | 99190,00  |
|  |  | -99190,00       |           |
|  | <b>Overforbruk</b>                                   | <b>20359,00</b> |           |
| <br><b>Saldo ved årsskiftet kr 152230,08</b> |  |                 |           |

**FRIST**  
FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE  
**23. SEPTEMBER**

## Bruk bedriftene i bygda!

|  |             |   |             |
|--|-------------|---|-------------|
| Ala Camping  | 93 42 94 02 | Mjøsvang Kafe                           | 99 56 70 54 |
| Føsse Frisorstudio                                 | 94 89 12 05 | Montér Kvismo                           | 61 36 81 85 |
| Bjørn Hammerstad Transport                         | 90 84 15 00 | Rogn Bil og landbruk                    |             |
| Bøflaten Camping AS                                | 61 36 74 20 | v/Odd Harald Rogn                       | 61 36 82 16 |
| COOP PRIX avd. Fjellvang                           | 61 36 75 30 | Ryfoss Bensin & Service                 | 61 36 82 30 |
| Egges Mekaniske AS                                 | 91 19 29 14 | Ryfoss Betong A/S                       | 61 36 44 00 |
| Elektrisk Installasjon AS,<br>v/Kjell Arne Dalåker | 61 36 70 56 | Ryfoss Treningsenter                    | 48 12 42 52 |
| Elektromontasje,<br>v/Vidar Wangensteen            | 48 26 73 64 | TK-Bygg AS                              | 99 00 94 84 |
| El-Montøren AS v/Tørris Helle                      | 90 96 83 00 | Tveitabru Bygg AS                       | 61 36 81 02 |
| Grindheim Bygg &                                   |             | Tyin Filefjell Utvikling AS             | 61 36 77 48 |
| Restaurering v/ Bøye Kvale                         | 91 30 13 14 | Tyinkrysset Fjellstue AS                | 61 36 78 00 |
| Heen Tre - Nils Harald Heen                        | 90 93 29 57 | Valdres Gjensidige Brannkasse           | 61 36 07 11 |
| Hemsing Maskin AS                                  | 99 23 03 36 | Vang Auto-service AS                    | 61 36 75 00 |
| IngWi modell                                       | 91 78 01 38 | Vang Bunadsaum                          | 41 56 07 59 |
| Ingridesign: Logo & Layout                         | 91 71 05 40 | Vang Bygg AS v/John Myhre               | 97 51 95 37 |
| Joker Ryfoss AS                                    | 61 36 80 77 | Vang Grave- og Transport-<br>service AS | 95 87 90 04 |
| Jotun Bygg AS                                      | 99 69 06 30 | VangiValdres taxi                       | 46 30 46 30 |
| Jotun Kraft AS                                     | 61 36 75 50 | Vang Maskin AS                          | 91 10 19 28 |
| Kampenes Begravelsesbyrå                           | 61 36 17 70 | Vang Rør                                | 99 52 22 22 |
|  |             | Øko-Nils                                | 97 11 01 20 |
|  |             | Øye Bygg og Bo AS                       | 61 36 87 68 |



## Slekters gang

### Øye sokn

#### Døypt:

14.04: Livor Nathaniel Medbøe

### Høre sokn

#### Døde:

04.04: Olaug Leithe

25.04: Anita Kristine Thune

### Vang sokn

#### Døde:

31.05: Jørgine Marie Bøe

## Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye  
Sokneråd

## Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre  
sokneråd

## Se hverandre i sommer!

Sommeren er en fin tid for de aller fleste. Men ikke for alle. Noen familiær sliter med rusproblemer, psykiske problemer, dårlig økonomi eller andre utfordringer. Det kan være vanskelig å være barn og ungdom – voksen også – i en slik familie, og de fleste vil prøve å skjule situasjonen. Men under overflaten søker de gjerne hjelp og støtte, det vi nå ofte kaller: å bli sett.

Er det noen du kjenner som kanskje håper å bli sett? En nabo? En klassekamerat? En litt lenger bort i veien, som virker ensom?

Vær litt obs! Bry deg! Om du først tror du blir avvist, så er du kanskje ikke det, men har i hvert fall vist at du ser!

Sidsel Offergaard Jevne



## Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga deler ut midler til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:  
Torgeir Førs minne,  
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen  
eller e-post:  
torgeirforsminne@yahoo.no

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:  
Sokneråda i Vang

Redaksjon:  
Marianne Straum, Ivar Hemsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:  
Sidsel Offergaard Jevne  
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:  
Kyrkjelag fellesråd  
Kontonummer: 2146.30.04444  
Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

# Gudstenesteliste

**Søndag 19. juni - 2. s. i treeiningstida****Vang kyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.  
Menighetsmøte etter gudstenesta.  
Sak: samanslåing av sokna i Vang

**Torsdag 23. juni - Jonsokmesse****Øye stavkyrkje kl. 18.00**

Gudsteneste for små og store v/sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.  
Menighetsmøte før gudstenesta, kl  
17:30. Sak: samanslåing av sokna i Vang

**Søndag 3. juli - 4. s. i treeiningstida****St. Tomaskyrkja kl. 12:00**

Gudsteneste m/nattverd v/Lærdalspres-  
ten Gunnar Eldevik og organist Budvy-  
tis. Open kyrkje til kl. 18.00

**Søndag 10. juli - 5. s. i treeiningstida****St. Tomaskyrkja kl. 10.00-15.00**

Open kyrkje. Høve til drop-in dåp  
v/sokneprest Laugaland.

**Søndag 17. juli - 6. s. i treeiningstida****Vang kyrkje kl. 11:00**

Ordinasjonsgudsteneste. Solveig Vatn  
Weisser blir ordinert til prest. Biskop,  
prost, sokneprest m.fl. deltar. Kantor:  
Thomas Immanuel Vatn Weisser.  
Kyrkjekaffe på VBU etter gudstenesta.  
Alle er velkomne.

- St. Tomaskyrkja kl. 12:00-18.00**  
Open kyrkje

**Sundag 24. juli - 7. s. i treeiningstida****Høre stavkyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste m/nattverd v/vikarprest  
Torhild Larsen Nygård og organist  
Budvytis

**Sundag 24. juli - 7. s. i treeiningstida**

- St. Tomaskyrkja kl. 12:00-18.00**  
Open kyrkje

**Søndag 31. juli - 8. s. i treeiningstida****St. Tomaskyrkja kl. 12:00-18.00**

Open kyrkje

**Søndag 7. august - 9. s. i treeiningstida****Stølsmesse Høre kl. 12:00**

Stad blir annonsert på heimesida  
og facebooksida Kyrkja i Vang

- St. Tomaskyrkja kl. 12:00-18.00**  
Open kyrkje

**Sundag 14. aug. - 10. s. i treeiningstida****Osen ved Helin kl. 12:00**

Stølsmesse v/sokneprest Laugaland  
og organist Budvytis

- St. Tomaskyrkja kl. 12:00-18.00**  
Open kyrkje

**Sundag 21. aug. - 11. s. i treeiningstida****Mugnestølen kl. 12:00**

Stølsmesse v/sokneprest Laugaland  
og organist Budvytis

**Onsdag 24. august**  
**Vang kyrkje kl. 10:30 - Morgonsong****Torsdag 25. august**  
**Vangsheimen kl. 13:00 - Andakt****Sundag 4. sept. - 13. s. i treeiningstida**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11:00**  
Gudsteneste m/nattverd v/vikarprest  
og organist Myrheim**Sundag 18. sept. - 15. s. i treeiningstida**  
**Helinåsen kl. 12:00**  
Jaktmesse v/sokneprest Laugaland  
og vikar**Onsdag 21. september****Vang kyrkje kl. 10:30 - Morgonsong****Torsdag 22. september****Vangsheimen kl. 13:00 - Andakt****Sundag 25. sept. - 16. s. i treeiningstida****Høre stavkyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland og organist Peters.  
Utdeling av 6-årsbøker

**Sundag 2. okt. - 17. s. i treeiningstida****Vang kyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.  
Presentasjon av konfirmantane

**Sundag 9. okt. - 18. s. i treeiningstida****Heensåsen kyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.  
Utdeling av 4-årsbøker

**Onsdag 12. oktober****Vang kyrkje kl. 10:30 - Morgonsong****Torsdag 13. oktober****Vangsheimen kl. 13:00 - Andakt****Sundag 23. okt.- 20. s. i treeiningstida****Øye kyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis

**Sundag 30. oktober - Bots- og bededag****Høre stavkyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis



- har betalt denne utsendinga av **VANG MENIGHETSBLAD**